

Direktoratet for e-helse

Høringsutkast om nasjonal informasjonsmodell for helsekort for gravide

A:

Me synes informasjonsdelen verkar dekkande til formålet

Me kan ikkje sjå at det er informasjonselementer som ikkje bør vere med i modellen.

B:

At mor med landbakgrunn og far med landbakgrunn ikkje er teke med i modellen trur me går fint så lenge mor og far eller medmor sitt språk kjem tydeleg fram.

At erklæring av farskap eller søknad om medmorskap ikkje er ivaretatt i modellen er ok. Informasjon om at det bør gjerast i løpet svangerskapet kan lett kvalitetssikrast i fagprogram. Det er etter gitt informasjon mor sitt ansvar å gjere dette.

C:

Me synes feltet notat levevaner pkt 3.1 bør vere med. Dette er eit felt me nyttar til å skrive om mor er veganer/vegiteraner eller liknande.

D:

Me har ingen innspel på at notater i 3.15 svangerskapskonsultasjonar deles opp i fleire felt.

E:

3.2 og 3.4 Positivt at det kan registrerast fleire yrker/bransjer.

3.7 Me håpar legemidler kan registerast manuelt i tillegg til å harmonisere med PLL.

3.9 Fint at det igjen er eigen rubrikk for antall svangerskapavbrudd.

3.10 Bra at ein skil på om tidligare sjukdomar har verdi for noverande svangerskap eller ikkje.

3.15 Svært positivt at ein kan beskrive kjenner daglig liv i *normal, mindre enn vanlig og meir enn vanleg*.

Jordmortenesta i Sogndal ser fram til å prøve ut det elektroniske helsekortet.

Me vonar det skal verte lett å få tak i viktig informasjon og risikoforhold når me står i akutte situasjonar under følgjeteneste og jobbar med den fødande i ambulansen. Dette spesielt når det er utfordringar knytt opp til dei som ikkje snakkar norsk og engelsk.

Med helsing
Sogndal kommune

Anita Andersen Orrestad

Brevet er elektronisk og er utan underskrift.

Kopi til:

Vedlegg:

- 1 Høringsutkast om nasjonal informasjonsmodell for helsekort for gravide

Offl. § 13, jf. Fvl. § 13 1. ledd